
Frå: Claus Sellevoll <claus.sellevoll@gmail.com>
Send: torsdag 29. oktober 2020 11:13
Til: Øystein Hafnor Kolstad
Kopi: Kjartan Nyhammer
Emne: Re: Søknad om landbruksveg
Vedlegg: information.pdf

Hei igjen,

Her var det ei underskrift til som var komt vekk . Ein hytteeigar frå Litauen som ikkje er her så ofte.
Mvh
Claus



Virusfri. www.avast.com

tir. 27. okt. 2020 kl. 10:49 skrev Øystein Hafnor Kolstad
<oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.no>:

Den er god 👍

Då er det berre å venta på tilbakemelding frå fylkesmannen og fylkeskommunen i saka.

Med venleg helsing

Øystein Hafnor Kolstad | Rådgjevar landbruk

E-post: oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.no

Telefon: +47 56 37 56 79

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 |

Heimeside: www.alver.kommune.no



ALVER KOMMUNE

Frå: Claus Sellevoll <claus.sellevoll@gmail.com>

Send: laurdag 24. oktober 2020 14:46

Til: Kjartan Nyhammer <kjartan.nyhammer@alver.kommune.no>

Kopi: Øystein Hafnor Kolstad <oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.no>

Emne: Re: Søknad om landbruksveg

Hei Øystein og Kjartan,

No har eg henta inn underskrifter frå alle gardsbruka og hyttenaboar.

Ingen har merknader og alle har signert med at dei er gjort kjent med tiltaket det er søkt om.

Sjå vedlegg

Mvh

Claus



Virusfri. www.avast.com

ons. 21. okt. 2020 kl. 18:44 skrev Claus Sellevoll <claus.sellevoll@gmail.com>:

OK, skjønner. Får ta på meg søndagsdressen å gå rundt på garden med kulepenn. 👍😊

Takk for info.

ons. 21. okt. 2020 kl. 18:39 skrev Kjartan Nyhammer <kjartan.nyhammer@alver.kommune.no>:

Heisann Claus,

Landbruksvegen vert, takk og lov, ikkje handsama etter plan - og bygningsloven. Den vert handsama etter "Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier"

Denna veko har eg brukt storparten av arbeidstida på kranglefantar som var skjønt einig om alt når vegsøknaden vart sendt og når søknaden vart behandla av oss. Men når gravemaskino kom so small da. Ikkje frå dynamitten, men bergensarar. Dei ser ikkje for seg dimensjonen av arbeid utøve trillebåra, grafsa og traue. Då kjem dei springande og skal ta kommunen og meiner tiltaket skulle vore nabovarsla. Dette er tidkrevjande. Både for søkjar og kommunen.

Difor er det veldig greitt at dei har skrive under på at dei er orientert om tiltaket og ikkje har merknader til søknaden.

Utklipp frå § 2-3 i nemnde forskrift :

§ 2-3. Innholdet i søknaden

Søkeren plikter å gi de opplysninger som framgår av søknadsskjema fastsatt av Landbruksdirektoratet.

Søkeren skal på forhånd ha underrettet de som blir berørt av veiltaket og gi opplysninger i søknaden om at dette er gjort.

Til søknad om landbruksvei skal kart som viser planlagt vei, eksisterende veier i området, samt planlagt massetak i forbindelse med veibyggingen vedlegges. For planlagt skogsvei skal kartvedlegget vise dekningsområdet som veien har nytte for. Eventuelle alternative veitraseer bør også framgå.

Beste helsing

Kjartan

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Claus Sellevoll [mailto:claus.sellevoll@gmail.com]

Sendt: onsdag 21. oktober 2020 18:20

Til: Årystein Hafnor Kolstad

Kopi: Kjartan Nyhammer

Emne: Re: Søknad om landbruksveg

Hei igjen,

Er det nødvendig med ei så omfattande nabovarsling då berre nokre få hytter ligg i grense til veg?

Kan ikkje søknaden gå inn under fritak for nabovarsling etter plan- og bygningsloven § 21-3 andre ledd.?

PS!

Eg har informert alle grunneigarar og ingen har motforestillinger til tiltaket.

Mvh

Claus

Sendt fra min iPhone

> 21. okt. 2020 kl. 14:31 skrev Øystein Hafnor Kolstad
<oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.no>:

>



Virusfri. www.avast.com